

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval
Møteleiar:	Mona Ryste
Referent:	Bodil Haugen Våge
Møtenummer:	1/2023
Dato:	18.01.23
Tid:	09.00 – 13:00
Stad:	Teams

Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.

Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Renathe Rossi-Kaldhol	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Ørsta kommune	Forfall
Mona Ryste <i>Leiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	ja
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	ja
Siri Talseth-Frilund,	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	Inge Ødven møter 10.30
LSU Molde		
Tanja Thalen <i>Nestleiar Strategisk samarbeidsutval</i>	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	Forfall
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Avdelingssjef, Klinikk SNR Molde sjukehus	Ja
LSU Kristiansund		
Ingeborg Johnsrud Dyrnes	Leiar LSU Kristiansund Kommunalsjef helse, Smøla kommune	Ja
Kjell Åsmund Bryn	Nestleiar LSU Kristiansund Seksjonsleder BUP Kristiansund klinikk SNR	Ja
Brukarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	Ja
Brukarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	Ja
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	ja
Fast vara fastlegar/PK		
Thilde Sveta	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	Forfall

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

Observatør Statsforvaltaren		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	ja
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR, leiar Felles samarbeidssekretariat	ja
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen HMR HF	ja
Jan Erik Hovdenakk	Kommunalsjef drift Aukra kommune	Ja
Bjørn Buan	Nordmøre interkommunalt politisk råd (IPR) kommuneoverlege Surnadal Kommune	Ja
Bodil Haugen Våge	Nordre Sunnmøre Rådgjevar Ålesund kommune, felles samhandlingsressurs Nordre Sunnmøre	Ja
Oddvar Marøy	Søre Sunnmøre, stabsleiar tildeling og koordinering Ørsta kommune, felles samhandlingsressurs Søre Sunnmøre	Ja
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	ja

Referat

Sak nr.	Sak	Ansvarleg
1/23	Velkommen Godkjenning av innkallinga Referat: Innkalling er godkjend. Melding om 2 saker under eventuelt v/ Mona Ryste 1. Evaluering av arbeidet i SSU. Sak 09/23. 2. Ynskje om eit arbeidsutval for SSU. Sak 10/23.	Mona Ryste
2/23	Godkjenning av referat fra førre møte Sjå referatet HER Referat: Referatet er godkjent.	Mona Ryste
3/23	Revisjon av samarbeidsavtalen 2025 Referat: Framlegging av saka med vedtak og etter dialog i utvalet resulterte i følgende vedtak: 1.a) SSU oppnemner følgende medlemmer til Forhandlingsutvalet. Kommunane: NIPR: Kjetil Leirbekk, Averøy kommune	Bodil H. Våge



Referat

	<p>Helseledernetverket anbefaler at kommunale representantar stiller utan vararepresentant.</p> <p>ROR: Cato Innerdal, Molde kommune SR: Guri Hasund Reiten, jurist, Ålesund kommune Ragnhild Aarflot Kalland, leiar forvaltningskontoret, Volda kommune Fastlegane: Stian Endresen, fastlege Ulstein kommune, praksiskonsulent HMR HF: Elisabeth Siebke, kliniksjeff Ålesund sjukehus Jan Rino Austnes, jurist May Helen Molvær Grimstad, Kommunikasjons- og samhandlingssjef Eli Otterlei, Samhandlingssjef Kommunal brukarrepresentant: Førespurnad er oversend FFO/Handikapforbundet. Brukerutvalet HMR HF: Paula Næss Skår. KS: Førespurnad er oversend. Vil verte oppnemnd i kommunedirektørnettverkmøtet sist i januar.</p> <p>b) ROR kommunane føreslår fast vararepresentasjon med fast oppmøte i forhandlingsutvalet.</p> <p>2. SSU ber forhandlingsutvalet i konstitueringsmøtet ta stilling til om det til dømes er behov for ein fast vara frå høvesvis kommunane og helseføretak.</p> <p>Tilleggsvedtak: Brukarutvalet i HMR har oppnemnd vara som vil møte ved forfall. Forhandlingsutvalet vurderer om det er behov for vara for fastlege og brukarrepresentantar. Forhandlingsutvalet utvalet vurderer også om det skal vere møterett for vararepresentantar.</p> <p>2. a. SSU gjer følgende vedtak i høve intern/ ekstern forhandlingsleiar:</p> <p>SSU ber forhandlingsutvalet i fyrste møte konstituere seg og velje forhandlingsleiar. Forhandlingsutvalet får med dette også myndigheit til å vurdere ekstern forhandlingsleiar. Fohandlingsutvalet orienterer SSU fortløpande når det gjeld å vurdere vidare tiltak.</p> <ul style="list-style-type: none"> • I konstitueringsmøtet må en også vurdere risiko for brot i forhandlingane, samt kva tiltak som då skal settast inn for å kome i mål. <p>b. SSU oppnemner følgende sekretærressursar:</p> <p>Oddvar Marøy, samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre. Karethe Kristoffersen Aam, rådgjevar HMR HF</p>	
--	---	--



Referat

	<p>c. Kostnadsdeling:</p> <p>Vedtak:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Forhandlingsutvalet lagar ein møteplan som ein informerer om til eigne avtalepartar ift å predikere eventuelle kostnadar gjennom forhandlingsperioden. • Når det gjeld medlemmar frå dei tre kommuneregionane fordelar ein kostnadane kommunane imellom innafor den aktuelle kommuneregionen etter innbyggartal. • Ang sekretariatsressursar: Ein føreset at dei to ressursane bidreg tilnærma likt inn i arbeidet. Den kommunale representanten held oversikt over tidsbruk og reisekostnadar som fordelast likt mellom kommunane i fylket etter innbyggartal mot slutten av året. • Ang intern/ ekstern forhandlingsleiar: <p>Dersom forhandlingsutvalet vurderer at det er behov for ekstern ressurs må ein rekruttere slik ressurs, rekne på kostnadane og informere partnarane.</p> <p>For kommunane vil ein gjennom fellesordninga Ålesund kommune har etablert i høve dekning av honorar og reiserekningar kunne fordele kostnadane etter innbyggartal i kommunane i fylket.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når det gjeld brukarrepresentasjon: <p>Helseføretaket nyttar etablerte interne rutinar for brukarutvalet.</p> <p>For kommunane frå FFO/Handikapforbundet nyttar representanten fellesordninga Ålesund kommune har etablert i høve dekning av honorar og reiserekningar med fordeling av kostnadar etter innbyggartal i kommunane i fylket.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Når det gjeld representant frå KS føreset ein at KS dekkjer sine utgifter. <p>Innspele frå partnarane – sjå vedlegg 1.</p> <p>3. SSU gjer følgende vedtak i høve mandatet for forhandlingsutvalet:</p> <p>Mandatet frå sist revisjon er sendt ut til partnarane for evt innspel om justering.</p> <p>SSU ynskjer ikkje å gjere endringar i mandatet og vedtek mandatet frå OSU Sak 04/19:</p>	
--	---	--


Referat

	<ul style="list-style-type: none"> • Eksisterende Samhandlingsavtale (hovedavtale og delavtaler) med gjensidige forpliktelser og rettigheter mellom partene skal danne grunnlaget for revidert avtale. • Målet med revisjon av Samhandlingsavtalen er å få til et avtaleverk som i enda større grad fremmer utvikling og god samhandling. • Ved revisjonen må det tas utgangspunkt i at hovedavtale og delavtaler/retningslinjer skal oppfylle de lovkrav som fremgår av helse- og omsorgstjenesteloven § 6-2 flg jf. spesialisthelsetjenesteloven § 2-1 e. I den grad gjeldende delavtaler er en blanding av retningslinjer som omfattes av lovkravet, og operasjonelle prosedyrer, så bør det legges til rette for at prosedyrer tas ut av avtalene og forvaltes av etablerte fagråd på de enkelte fagområdene. • Avtalen skal justeres i henhold til nye lovbestemmelser og forskrifter. • I den grad det er praktisk og hensiktsmessig bør revisjonsarbeidet lede til harmonisering av de ulike avtalene i helseregionen. • Det må sikres god involvering og legges opp til gode høringsprosesser. • Det må settes av nok ressurser til revisjonsarbeidet, både fra kommunene og fra helseforetaket. <p>SSU ber forhandlingsutvalet ta innspela frå partnarane med i det vidare arbeidet – sjå Vedlegg 1.</p>	
4/23	Årsrapport helsefelleskapet Referat: Vedtak: Produksjonsplanen for årsrapporten godkjennast.	Bjørn Buan
5/23	Utbedra Altinn-skjema for samhandlingsavvik klart til publisering Referat: Karethe K Aam legg fram revidert avviksskjema for samhandlingsavvik til HMR HF. Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek informasjon om utbeta Altinn- meldeskjema for samhandlingsavvik til vitande. 2. SSU ber dei lokale samarbeidsutvala om å utarbeide årsrapport for samhandlingsavvik for året 2022 for sitt sjukehusområde. Rapporten bør seie noko om tal på avvik, omfang av ulike type avvik og prioritering av forbetningsområde med skildring av tiltak. Samarbeidssekretariatet samanfattar rapportane og presenterer for SSU. 	Karethe K. Aam

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

	3. SSU vil holdast orientert om vidare utvikling av den digitale løysinga for samhandlingsavvik og fakturaklager.	
6/23	<p>Felles handlingsplan for helsefelleskapet, oppnemning av arbeidsgruppe frå LSUane</p> <p>Orientering om oppnemnde medlemmar</p> <p>Referat:</p> <p>Bodil Haugen Våge orienterer om status og vil kalle inn til møte så snart medlemmane i arbeidsgruppa er på plass. Imøteser oppnemning av medlemmer frå lokale samarbeidsutval til arbeidsgruppe snarast råd.</p>	Bodil H. Våge
7/23	<p>Status helseplattforma i HMR og Ålesund kommune v/ Helge Storøy, direktør for e-helse og teknologi i HMR og Synnøve Vasstrand Synnes, kommunalsjef i Ålesund kommune</p> <p>Referat:</p> <p>Helge Storøy viser til sjukehustalen v/ Ingvild Kjerkhø</p> <ul style="list-style-type: none"> - Pasientpanelet melder om fortsatt svikt i dialogen sykehus – kommunar <p>Med ambisjonen En innbygger – en journal, er vi på rett spor. 12 november starta både St Olavs og 6 kommunar opp.</p> <ul style="list-style-type: none"> - For kommunane gjekk dette relativt bra. - For St Olavs skapte dialogen mellom sjukehus og fastlegar utfordringar. - Forbetringane St Olavs no gjer vi gjere det betre for dei øvrige sjukehusa når dei kjem på. - Når resten av sjukehusa kjem på vert avgjort i eit styremøte no på nyåret. <p>Mediedekninga og interessa er stor.</p> <p>Hvordan jobbe med pasientflyten og ambisjonen En innbygger – en journal.</p> <p>Synnøve Vasstrand Synnes</p> <ul style="list-style-type: none"> - Kommunen er ikkje upåverka av medieoppslaga. - Innføringa tek utgangspunkt i kommunestyremøtet sitt vedtak knytt til Helseplattforma. - Har gjennomført analyser som syner at helsepersonell brukar mykje tid på å etterspørje informasjon og dobbelt dokumentere. - Ålesund er i rute ift å levere på arbeidspakkar. - Kommunen er no i opplæringsfasen. - Dette er ikkje berre ei innføring av ei ny IT løysing, men også eit OU prosjekt. - Ein er førebudde på at innføringa ikkje vil gå knirkefritt. - Viktig med fokus og god styring. <p>Dialog:</p>	Eli Otterlei



Referat

	<p>Det kjem fram bekymring knytt til ventelister i sjukehus, samt økonomi i sjukehus og kommunar.</p> <p>Terskelen for å ta i bruk nye system må vel vere ein del av investeringskostnadane og ei investering for framtida.</p> <p>Korleis kan Helseplattformen aktualiserast innafor Helsefelleskapsstrukturen?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Her er kanskje samhandlingspotensialet det viktigaste. - Legevakt og fastlegar avventar ny løysing og det er baklageleg at ikkje løysinga så langt ikkje var god nok. <p>Pr i dag har vi ikkje eit anna alternativ ift En innbygger – en journal.</p> <p>Det vert silt spørsmål ift kva strategi det er for å ta ned ventelistene i forkant av innføring av Helseplattformen?</p> <p>Helseføretaket vil prøve å ta ned ventelistene før innføringstidspunktet.</p> <p>Appen HelseMi blir viktig for alle.</p> <p>Kvaliteten på epikriser frå St Olavs er ikkje på nivå med 2022.</p> <p>Fastlegane er for tida ikkje kopla på informasjon om arbeidet med Helseplattformen, heller ikkje legespesialistane. Dette må ein sjå på vidare.</p> <p>Statforvaltaren presiserer at det er vittig at helseføretaket tek med seg erfaringane frå St Olavs knytt til forlenging av ventelister og utvida ventetider og planlegg førebyggjande tiltak ift dette..</p>	
8/23	<p>Korleis handtere situasjonen med fulle sjukehus grunna influensa, covid og utskrivingsklare pasientar</p> <p>Sekretariatet ønskjer at dette løftast både til Partnerskapsmøtet og i SSU då ein er bekymra for nye «topper» både inn mot påske og ferieavvikling samt ved implementering av helseplattforma.</p> <p>DIALOG</p> <p>Referat:</p> <p>Presentasjon ved Stian Endresen – vedlegg til referatet.</p> <p>Dialog:</p> <p>Helseføretaket har bygt ned og kommunane bygg også no ned institusjonsplassar. Dette handlar om å rigge seg for framtida. Ein bør også diskutere korleis ein går ut i media med informasjon når det toppar seg f.eks ved oppblomstring av infeksjonar.</p> <p>Ein bør skape trygghet også i slike situasjonar og informere innbyggerane på ein samordna og reflektert måte og som er tilltsskapande.</p> <p>Inneliggande pasientar i sjukehus og sjukeheimar i kommunane er sjukare enn før.</p> <p>Ein bør gjerne sette fokus på ØHD/KAD og føringane for desse i vidare arbeid.</p> <p>Vi bør sette fokus både på somatikk og psykiatri.</p>	Stian Endresen

Helsefelleskap Møre og Romsdal



Referat

	<p>Alle LSUane har dette med utskrivingsklare pasientar på sine sakslister. Til dømes har LSU Molde kartlagt dette med årsaker og LSU Kristiansund har sett fokus på barn og unge si situasjon. SSU bør dette som fast sak med ulike perspektiv, både ift ØHD/KAD, somatikk, psykiatri, barn og unge og ift forventningar frå pårørende og dei eldre spesielt. Innføring av Helseplattformen er også eit perspektiv på dette.</p>	
09/23	<p>Evaluering av arbeidet i SSU</p> <p>Referat:</p> <p>Kan medlemmane fylle ut evalueringskjemaet og sende inn innan 1. februar?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Ein treng hjelp frå sekretariatet for å samordne innspela. <p>Bør ein ha nytt møte for å samordne det?</p> <ul style="list-style-type: none"> - Vanskeleg å få til møte i januar. - Ein kaller inn til eit kort evalueringsmøte onsdag 8. Februar kl. 11. 	Mona
10/23	<p>Ynskje om eit arbeidsutval for SSU</p> <p>Referat:</p> <p>Leiar og nestleiar vil ha faste møtepunkt med personar i sekretariatet og vere med å i større grad vere med å påverke saker til SSU.</p> <p>Samarbeidssekretariatet vil legge til rette for dette.</p>	Mona